



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Nina Blomhoff
Øvre Ljanskoll Vei 16a
1169 OSLO

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
	SAGKAR - 26/3398	26/615	GBNR- 120/214, K2- M55	26.06.2026

Saksnr.	Utvalg
96/26	Kommunestyret

Vedtak om utsleppsløyve - gnr 120 bnr 214 - Vardefjellvegen 192

Tiltak:	Avløpsanlegg	
Byggested:	Gbnr: 120/214	Vardefjellvegen 192
Tiltakshaver:	Nina Blomhoff	
Ansvarlig søker:	Va - Prosjekt & Anlegg As	

Vedtak

Etnedal kommune gjev løyve til etablering av tett tank for oppsamling av avløp frå toalett på gnr. 120 bnr. 214.

Løyvet er gitt som eit unntak etter *Forskrift om utslipp av avløpsvann fra avløpsanlegg som ikke overstiger 50 pe, Etnedal kommune*, og gjeld berre under føresetnad av at det ikkje blir lagt inn vatn i hytta.

Utsleppsløyvet gjeld frå vedtaksdato og er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5 og lokal forskrift.

Vilkår for løyvet:

- Tett tank skal etablerast i samsvar med søknaden og gjeldande forskrift.
- Løyvet gjeld berre så lenge hytta er utan innlagt vatn.
- Dersom det seinare blir lagt inn vatn i hytta, fell dette løyvet bort. Det må då sendast inn ny søknad om utsleppsløyve, og det må prosjekterast og etablerast eit avløpsanlegg som tilfredsstiller krava i gjeldande forskrift.
- Anleggseigar er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget.
- Tett tank skal registrerast i Valdres Kommunale Renovasjon sitt tømmesystem og tømmast minimum annankvart år.
- Tilkomst for tømming skal tilfredsstille krava til køyreveg, avstand og høgdeskilnad.

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Organisasjonsnummer:
933 038 173

E-mail: postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

- Ferdigmelding skal sendast inn før anlegget blir teke i bruk.
- Kommunen kan krevje tilkopling til offentleg vatn- og avløpsanlegg dersom dette blir etablert i området.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan tre år eller blir stansa i meir enn to år.

Saksopplysninger

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5, lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg i Etnedal kommune og plan- og bygningslova.

Det er søkt om etablering av tett tank for eksisterande fritidsbustad på gnr. 120 bnr. 214. Søknaden gjeld ei hytte utan innlagt vatn. Tiltaket omfattar berre oppsamling av avløp frå toalett i tett tank.

VA – Prosjekt og Anlegg AS, org.nr.: 915965512, erklærer ansvarsrett for SØK og PRO, medan VVS-Service AS, org.nr.: 642 646 178, erklærer ansvarsrett for UTF.

Tiltaket er varsla utan innkomne tilbakemeldingar frå naboar.

Begrunnelse

Kommunen vurderer at vilkåra for å gje løyve til tett tank som unntak er oppfylte, då hytta ikkje har innlagt vatn. Tett tank er i slike tilfelle ei akseptabel løysing, men berre så lenge føresetnaden om manglande innlagt vatn er oppfylt.

Dersom eigar ønskjer å leggje inn vatn på eit seinare tidspunkt, må det søkjast om nytt utsleppsløyve. Det må då prosjekterast eit avløpsanlegg som oppfyller krava i gjeldande forskrift.

Kommunen har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8–12. DOK-analysen viser ikkje registrerte naturtypar, prioriterte artar, verneområde eller kulturminne som blir påverka av tiltaket. Næraste registrerte vassførekomst og verna vassdrag ligg om lag 200–300 meter frå eigedomen, og tiltaket er ikkje vurdert å medføre risiko for ureining av vassmiljøet. Eigedomen ligg innan eit kartlagt viktig friluftslivsområde, men etablering av tett tank ved eksisterande fritidsbustad blir ikkje vurdert å påverke friluftsjnteressene nemneverdig.

Gebyr

Tiltakshavar skal betale gebyr for handsaming av søknaden i samsvar med Etnedal kommune sitt gjeldande gebyrregulativ.

Type	Merknad	Pris	Antall	Beløp	Mottaker
Behandlingsgebyr utslippsøknad		4500	1	4500	Nina Blomhoff

Høve til å klage

Vedtaket er fatta i medhald av delegasjonsreglementet og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er motteke. Kлага skal sendast skriftleg til Etnedal kommune.

Med helsing

Kari-Elin Solberg Saglien
Miljøvernrådsgjevar

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.